



**Søknad om
Tilskot til utgreiing og prosjektering**
Søknaden sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

1. Søkjar	
Søkjar 1 - fornamn og etternamn	Søkjar 2 - fornamn og etternamn
Fødselsnr. søkjar 1 (11 siffer)	Fødselsnr. søkjar 2 (11 siffer)
Postadresse / Poststad	Postadresse / Poststad
E-postadresse	E-postadresse
Telefonnummer	Telefonnummer

2. Opplysningar om bustaden							
Einestad		Rekkjehus		Blokk utan heis		Blokk med heis	
Kva er det som gir utfordringar i bustaden og som treng endring?							
Tilkomst		Entré		Vaskerom		Soverom	
Uteplass		Bad/wc		Stove		Andre rom	
Beskriv behovet og kva som er utfordringa med dagens løysing: Bruk eige ark om nødvendig.							

3. Det søkjast om

Tilskot til utgreiing		Tilskot til prosjektering	
-----------------------	--	---------------------------	--

4. Tilråding frå ergo- eller fysioterapeut

Vert tilskot til utgreiing og/eller prosjektering tilrådd?	Ja		Nei	
--	----	--	-----	--

Gjer greie for kvifor. Bruk eige ark om nødvendig.

Stad	Dato	Underskrift frå terapeut
------	------	--------------------------

5. Andre kontaktpersonar

Arkitekt eller anna fagperson v/ utgreiing/prosjektering – namn	E-post / telefonnummer
Arkitekt eller anna fagperson v/ utgreiing/prosjektering – namn	E-post / telefonnummer

6. Underskrift

Underteikna søkjar stadfester at opplysningane i søknadsskjemaet er rette, og gir kommunen fullmakt til å innhente opplysningar om meg/oss som er naudsynte for å handsame søknaden. Dersom det skjer endringar som kan ha betydning for søknaden, pliktar eg/vi å melde frå om det. Eg/vi er merksame på at feilaktige opplysningar kan føre til at tilskotet kan blir kravd innfridd.

Stad	Dato	Søkjars underskrift
------	------	---------------------

7. Tilskot til utgreiing og prosjektering

Kven kan få tilskot til utgreiing og prosjektering?

Tilskota kan gis til personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for tilrettelegging av bustaden.

Tilskot til utgreiing

Kan gis til enkle undersøkingar av eksisterande bustad og uteområde, beskriving av teknisk tilstand på bustaden, arealbehov, moglegheiter og avgrensingar, samt økonomiske overslag.

Tilskot til prosjektering

Kan gis til dekning av kostnadar til fagleg bistand til prosjektering av både nye og eksisterande bustader. Dvs. til arkitekthonorar eller liknande. Prosjekteringa skal utførast av fagkyndige.

Kor mykje kan du få?

Tilskot til prosjektering kan dekkje utgifter på inntil kr 20 000,-. Ved tilpassing av eksisterande bustader, kan det også gis tilskot til utgreiing i forkant av prosjekteringa på inntil kr 20 000,-. I særskilte tilfelle kan det løyvast høgare tilskot.

Korleis søke?

Utfylt søknadsskjema sendast til:

Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg.

Søknaden skal signerast av ergo- eller fysioterapeut under pkt. 4 før innsending.

Ved underskrift av søknad gir du fullmakt til kommunen til å innhente kredittopplysningar og andre nødvendige opplysningar for å kunne handsame søknaden.

Gode råd før du engasjerer fagkyndig

Det løner seg å ha tenkt gjennom kva du treng for å kunne fungere i bustaden og ha klarlagt kva for økonomiske moglegheiter du har for å kunne gjennomføre ombygging.

Når du skal velge arkitekt eller fagperson som skal hjelpe deg med å planlegge tilpassing av bustaden din, er det greit å avklare følgjande, før ein inngår avtale, særleg dersom arbeidet er omfattande:

- Om fagpersonen har erfaring med å planlegge tilpassing til spesielt behov
- Om fagpersonen har nokre referanseprosjekt å vise til
- Avklare omfanget av både utgreiing og prosjektering
- Avklare kostnad for både utgreiing og prosjektering
- Avklare eventuelle begrensingar og varsel ved eventuelt avvik
- Avklare tidsbruk

Når du skal inngå avtale om prosjektering er det vanleg at arkitekten/fagpersonen lagar ein oppdragsbekreftelse. Den skal vise kva som er avtalt og bør omtale prosjektets art, storleik, mogleg omfang av oppdraget og skal angi dei førebelse vilkår for å utføre oppdraget.

Utbetaling

Når du har fått innvilga tilskot frå kommunen og arbeidet er gjennomført, vil kommunen/Lindorff låneadministrasjon utbetale tilskotet til den fagkyndige. Den fagkyndige må saman med fakturaen sende kopi av teikningar og utgreiinga som er gjort, dokumentasjon for utgiftene og stadfesting frå deg (tiltakshavar) om at arbeidet er utført.

Merk deg at innvilga tilskot til utgreiing og prosjektering ikkje inneber at prosjektet er vurdert med tanke på ytterligere finansiering. Du kan søkje startlån og tilskot til tilpassing til sjølve gjennomføringa av tiltaket.

Ordningane er økonomisk behovsprøvd.